

# Referat frå oppstartsmøte om reguleringsplan for kryss Ynnesdalsvegen – Hosteland

**Tidspunkt: 05. desember 20.24**

**Desse møtte:**

Åshild Blomdal, René Ulrich Olsen og Christopher Vinje Lihaug frå ABO Plan & Arkitektur AS  
Sveinung Toft og Kjersti Furnes Soltvedt frå Masfjorden kommune.

**Stad:** Teamsmøte

Reguleringsplanarbeidet vart drøfta og følgjande vart signalisert frå Masfjorden kommune:

## **1. Hovudføremålet med reguleringa:**

Hovudføremålet med reguleringsplanen er å få regulert inn fortau langs fylkesvegen mellom sentrumsområdet ved Fensfjordbygget og til kryss Ynnesdalsvegen. Vidare skal reguleringa ivareta viktige krav til vegutforming i krysset og løysing for bussar. Fotgjengarar som kjem langs kommunevegen frå Treet skal sikrast med fortau i kryssområdet, slik at kryssinga av Ynnesdalsvegen skjer på ein forsvarleg måte.

## **2. Andre omsyn:**

- Viktig å ta omsyn til jordvernet så langt det er mogleg når det skal etablerast fortau langs fylkesvegen.
- Det er eit mål å unngå å måtta byggja ny bru på staden.
  - Oppretthalde 4,3 meter fri høgde
  - Om mogleg må ein finna ei løysning der brua ikkje vert rørt.
- Viktig å etablere tidleg dialog med grunneigar og Vestland fylkeskommune. Det vert difor tilrådd tidleg felles synfaring før planoppstarten skjer formelt.

## **3. Andre tilhøve:**

- Ingen kjente leidningar i grunnen, kan vera straumleidning/ fiber.
- Er 50 km/t – kan vurdere 40 km/t om ein kan oppnå betre resultat.
- Kan vera fornuftig å ha med geolog for å vurdere fjellkvalitet – om det er mogleg å ta av fjellet under brua sin fot, for å sikre naudsynt bredde på fortauet også under brua.
- Det bør og sjekkast om det er rapportar på brua hjå Vestland fylkeskommune.

#### 4. Prosessen vidare:

ABO Plan & Arkitektur AS har hovudansvaret for dialog med grunneigarar og fylkeskommunen. Når det er gjort vert det varsla formell opstart av reguleringsplan.

#### 5. Andre tilhøve:

ABO Plan & Arkitektur AS gjer ei vurdering av behov for utbetring, kryss, avstand til tunell og avklarar med fylkeskommunen akseptable løysingar.

- god overgang mellom gjeldande plan (for Hosteland) og ny plan er viktig
- det skal setjast av plass til veglys – vurdere behovet
- Kjersti kan skaffe kartmateriell og finne planID.

Masfjorden kommune vil at det i reguleringsplanen skal sikrast at kommunen kan leggja framtidig vassledning under fortauet.

#### 6. Plankvalitet:

ABO Plan & Arkitektur AS sender over plankart i godkjent sosikvalitet, og planskildring med føresegner i wordformat i tillegg til pdf- dokument.

Masfjordnes, den 25.03.2025.

Sveinung Toft

Vedlegg: Planavgrensning

Planavgrensning

